



Jussformidlingen
Sydneshaugen 10
5007 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/447 - 19/11496

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2019

Svar på brev om krav om erstatning og retting av drenering på eigedom 232/22 Storset

Teknisk drift syner til Dykkar brev av 11.02.2019 vedkomande krav om erstatning og retting av drenering på eigedom 232/22 Storset og avviser eitkvart krav om erstatning og utbetring av dreneringa på eigedommen 232/22.

Kommunen sitt ansvar i denne saka

Kommunen har ansvar for stikkrenna / røyret som går under sjølve vegen. Ansvaret sluttar der vannet renn ut i ei fordjupning på nedsida av vegen. Vegavdelinga i Lindås kommune held alle stikkrenner under oppsyn. I perioder med høg nedbørintensitet har vi tettare oppfølging av disse. Kommunen sjekkar jamnleg at stikkrenner er opne, og det er noko vi og har gjort i denne saka. De nevner forurensingslova kap 4, §24 og at kommunen er ansvarleg for drift og vedlikehald av *avløpsanlegg* som handterer overvatn. Slik vi forstår det så tolkes lukket grøft (les; stikkrenna) som *avløpsanlegg*. Vi stadfester at vi har ansvar for drift og vedlikehald av stikkrenna, men vi kan ikkje sjå at vi har noko ansvar som følgje av manglande vedlikehald. Det betyr at Høyesterettsdomma (Rt. 2012 s 820) som de visar til, ikkje er relevant som samanlikning.

Opprinneleg bekkefar har vorte endra av tidlegare grunneigar

Teknisk drift har nyleg vore på synfaring i området for å sjå på overvassproblemet ved gbnr 232/22 Storset 80. På synfaringa oppdaga vi at vatn frå stikkrenna har, sidan vegen vart anlagt, vorte leda sørover i eit bekkefar ned til ei gamal kisteveit lokalisert mellom dei to bygga på eigedommen (sjå kartskissa). Etter det vi kan sjå har tidlegare eigar etablert ei ny trase/dreneringsveg, retning øst/sørøst, for overvatn der vatn er leda inn i eit avløpsrør som er lagt på bakken, og vidare ned til ei open veit. Denne veita er gått tett grunna manglande vedlikehald frå grunneigar si side. Kommunen har tidlegare vore på synfaring med grunneigar og gitt tilbakemelding om at dette ikkje er eit kommunalt ansvar. Avløpsrøyr som er lagt ned på bakken er eit adskilt system som ikkje ei del av den kommunale stikkrenna. Det er heller ikkje kobla saman med stikkrenna som kjem gjennom vegen, altså er det ikkje ein del av «avløpsanlegget». Så det er direkte feil som det står at *nødløysinga* med overvannsrør er kopla til dreneringsanlegget, jfr vår kommentar om at vannet renn ut i ei fordjupning **før** det kjem inn i røyret som grunneigar har lagt.

Mari Andersen ga den 26.09.18 melding til kundesenteret om at det var mykje vatn i veg og at vegen vart vaska ut ved Storset 80. Etter å ha motteke melding sendte Teknisk drift ut personell for å sjekke ut saka.



Våre folk fant ingen problem med stikkrenne eller teikn til utvasking av kommunevegen. Vi gjer merksam på at da melding er ei rein driftsmelding vert det ikkje registrert sak i kommunen sitt saksarkiv.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bildevedlegg Storset 80

Mottakarar:

Jussformidlingen

Sydneshaugen 10 5007

BERGEN